- Minnene du eier vil aldri forgå

06.11.2010

Engledansen gjorde inntrykk. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Minnene du eier vil aldri forgå, heitte det i eit av dikta som vart lese under ei gripande minnesamling under grana i Uskedalen i ettermiddag.

Gruppa Hjertefred Kvinnherad hadde samla ganske mange rundt ein sirkel av lys og det vart ei fin minnestund.

Allehelgens dag er i morgon, men gruppa tok markeringa på forskot. Det er skipa liknande grupper fleire stader i landet.

Gruppa som skal dekka Kvinnherad og Odda er ny, ho vart stifta i april
som ein sosial møteplass og støttegruppe
for barn og unge mellom 10 pg 18 år
som har mista ein av sine næraste.
Medlemmane møtest i Gamleskulen som dei har fått leiga til føremålet og har
fått støtte av Kreftforeningen.

- Og så ligg det ein symboltung markering over sjølve møteplassen
under den store grana,
seier uskedalen.no til leiar Inger Helen Hardeland Hjelmeland.
- Det har vi ikkje tenkt på, men du må gjerne skriva det, er svaret.

Minnesamlinga i dag, som skal gjentakast neste år, var ei blanding
av sang, dans og dikt.
Dei unge fekk fram at det er mykje glede og livsmot sjølv i sakn.
Gruppa hadde fått god forsterking av songarane Aleksandra
Sanden og Geir Tore Nordnes og
Trio si nye dansegruppe leia av Aleksandra og Helene Vik gjorde
sterkt inntrykk med engledansen sin.
Også to palestinarar deltok med sang.
Det vart også presentert akrylmåleri som gruppa har laga.

Då hjarteballongane vart sluppe opp mot kveldshimmelen
var det denne setningen til
ein i gruppa vi mintes best: 'Dei vi var glade i har vi eigentleg med oss'.

Av Ola Matti Mathisen

Hjertefred Kvinnherad under grana i ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)